
Vår referanse 2020/62734-2
Dato 06.10.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om landbruksveg - gnr. 486, bnr. 7 og 9 -
Vetås Søndre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev datert 25.08.2020 med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 486 Vetås Søndre, Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt vegen. Vestland fylkeskommune har slik ingen avgjerande merknader i saka. Området er ikkje synfare, me ber slik om at ein ved opparbeiding av vegen prøver å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet på funnstaden stansast til rette kulturminnevernet har vurdert funnet.

Med helsing

Glenn Heine Orkelbog
konstituert fagleiar

Sigrun Wølstad
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift